



Vilkår for utlån – KvammaLAN 2026

KvammaLAN 2026 er eit datatreff arrangert av Kvam E-sport. Arrangementet varer frå tysdag 6. oktober kl. 14:00 til fredag 9. oktober kl. 14:00.

Ved innsending av skjema godtar du våre vilkår for utlån av utstyr under KvammaLAN 2026. Målet er å sikra at utstyret blir brukt på ein ansvarleg måte og at det er tilgjengeleg for alle brukara.

Vilkår:

1. Utstyret skal leverast tilbake i same stand som det vart henta.
2. Me reserverer oss retten til å kansellera eller avslå utlån dersom me er tomme for ønska utstyr på tidspunktet til førespurnaden.
3. Låntakar er ansvarleg for å behandla utstyret med forsiktigheit og beskytte det mot skade, tap eller tjuveri.
4. Låntakar er ansvarleg for eventuelle reparasjonskostnader eller erstatning ved skade eller tap.
5. Eventuelle problem eller behov for teknisk støtte skal straks meldast til ansvarleg kontaktperson.
6. Låntakar skal ikkje utføra reparasjon eller modifikasjon av utstyret sjølv.
7. Utstyret skal reingjerast før det vert levert tilbake til Kvam E-sport (utlånar).